

Møtereferat styremøte Øvre Naustdal Utmarkslag

Møtet vart halde onsdag 18. november 2020 kl. 19.30 på Fimlandsbua.

Til stades: Normund Svoen, Odd Vonen, Gudmund Eimhjellen, Kjell Klopstad og Anders Neset. Ola Kringlen var med under sak 1 og orienterte om denne.

Sak 1 – Orientering om utfiskinga i Vonavatnet sommaren 2020 - Ola Kringlen møter

Sein vår og isgang, oppstart garnfiske var 14. juni, og vart avslutta 11. oktober. Mindre aktivitet av hytteeigarar, 7 i år mot 10 i fjor. 25. – 27. september var det utfiskingshelg, det vart då fiska opp 5112 fisk, totalt vart det i år fiska opp 6202 fisk, omtrent likt fordelt røyr og aure. Det har vorte fiska opp omlag 36.000 fisk sidan 2015.

Tveite er klar på at det neste år må fiskast betydeleg meir aure, sidan ein no sjølv i gytetida for røyr, får nesten 50% aure. Hovedgrunnen til auke av småaure dei siste to åre, meiner Tveite er dei to varme somrane 2018 og 2019 som medførte stor overleving av yngel. Han seier vi må organisere eit par dugnadshelgar i månadsskifte mai/juni, i tillegg til den vanlege utfiskinga i september.

Matfisken utviklar seg stadig. Har hatt fisk opp i ein og ein halv kilo i år. Utlångarna har berre vore brukt 4 døgn, berre ein hytteeigar har rapportert bruk.

Tveite kjem gjerne igjen att september 2021. Han og kona får dekka utgifter og opphald, resten er dugnad. Dei likar ordninga godt.

Vi må syte for å organisere dugnadshelg for ovanfor-nemnde mai/juni-fisking. Ola vil organisere dette. Han ser også fram til å fortsetje på dette prosjektet.

Etter at Ola hadde orientert, og hadde forlatt møtet, vart styret einige om at han skal få same kompensasjon som tidlegare for dette arbeidet.

Sak 2 – Erfaringar med samanslåing av Storvaldet og ØNU

Vi er no på andre sesongen etter samanslåinga. Godt oppmøte på møte før jaktstart, der vi får snakka igjennom aktuelle saker. Rapporteringa går bra. Vi oppdaterer jamleg på Facebook, dette har det ikkje vore nokon negativ respons på. Av og til litt sein rapportering fordi ein ikkje har fått veigd på grunn av at ein tek av skinnet på eit seinare tidspunkt etc. P.T. 4 felt som ikkje har betalt fellingsavgift 2019, desse vert purra.

Sak 3 – Rapport etter Feltkontrollørkurs

Det vart eit dagskurs frå halv 9 til 16, og vart arrangert på ein fredag. Husleige og mat vart betalt av arrangør (kursavgift). Vi gjekk breitt ut og annonserte dette kurset. Dette resulterte i over 30 deltakarar frå området rundt her + elles i fylket. 11 frå storvaldet. Det er semje om at det vart eit bra kurs. Narve Fimland hadde nett felt eit dyr som kunne brukast til kurset, også Arne Sunde hadde med slakterestar. Storvaldet dekka 50% av kursavgifta for medlemmer av storvaldet.

Kanskje det kan verte aktuelt med andre kurs seinare? Til dømes slaktekurs på Svanøy neste år, Ytre Fjordane ettersøksring om deira måte å drive ettersøk på no på ettervinteren?

Sak 4 – Båtar, Svobrua

Båtane har vore flittig brukt i sommar, både i Vonavatnet og Nes- og svovatnet. Det er tydeleg at båtane er bra for både folk som leiger, men også grunneigarane. Arne Dvergsdal fiksa to av dei i vår, gjorde ein god jobb. Kanoar og båtar er no rydda på plass til vinteren. Også stor bruk av Svobrua, mange familiar. Skal ein vurdere å få sett opp ein Gapahuk frå «Byggopp» (Håkon Svoen)? Vi forhøyrer oss om pris etc. I tillegg skulle vi hatt ein del nye garn på Svobrua. Vi lyt ta ein gjennomgang og bestille nye.

Sak 5 – Gå vidare med sandstrand ved Svobrua?

Søknaden ligg framleis inne. Styret er einige om at vi vil utføre dette om vi får godkjend søknaden og at det er lovleg å utføre.

Sak 6 – Orientering om den økonomiske situasjonen - god økonomi. Planer for nyttige tiltak der vi kan buke litt av pengane?

Lagets konto har kr 84.000,- no mot slutten av året, vi hadde kr 90.000,- inngående i året. Vi har også i år hatt mykje parkering. For «jakkonto» hadde vi kr 16.000,- no mot slutten av året, mot kr 30.000,- inngående. Noko utestående her pga. manglande innbetalt fellingsavgift. Pengar på nyttige tiltak: Gapahuk og sandstrand ved Svobrua, kursarrangement (jakkto).

Sak 7 – Årsmøte 2021

Onsdag 3. mars kl. 19.30. Om det ikkje kan arrangerast pga. Covid-19 vil ein sende ut nødvendige dokument, og få avhalde val vha. Valnemnda.

Sak 8 – Ymse

- Parkeringsplassen på Øyjorda må fiksast litt på. Gudmund og Are Svorstøl utfører.
- «Årets utmarking». Det kom opp forslag til kandidat, og styret var einstemde om denne personen som er ein god ambassadør for området vårt, og elles har gode verdiar med omsyn til utmark.

Ref.: Anders Neset